

Sola kjem att om 20 dagar!

02.01.2011



Frå det mørklagte Neset kan ein sjå over på den solgylte Skorpo.

**Den etterlengta sola glimrar med sitt fråver i store delar av Uskedalen no rundt solsnu, men kor lenge er ho eigentleg heilt borte?
Om det strides tydelegvis dei lærde eller rettare sagt dei lokalkjende og uskedalen.no har gått til Birger Myklebust for å få eit svar som er til å stola på.**



Gjennom Børsdalen kjem det solglyttar.

- Sola er heilt borte i 8 veker der eg bur på Neset, nærare bestemt frå 22. november til 22. januar, opplyser Birger.

Han startar med ein annan opplysning som har med sola å gjera: 24. oktober er siste dagen sola går over Englafjell!

- Men vi ser sjølvsagt sola lenge etter den tid, ho kjem ei tid fram til venstre for Ulvanåso, så i Børsdalen og til slutt i Eikedalen.

Men solglyttane gjennom desse stadane blir mindre og mindre til sola forsvinn totalt.

Og så blir ho altså borte i 8 veker og kjem att om 20 dagar frå no, konkluderar Birger som ser lengselsfullt mot Skorpo som er forgylt av sola.

Han legg til at dei soldatoane han opererer med sjølvsagt berre gjeld når det er klårver og at sola kjem att på varierende tidspunkt i bygda.

- Burde Uskedalen halda ein solfest når sola kjem att?

- Du meiner ein slik fest dei har på Rjukan?

Eg trur ikkje det, fordi sola hos oss ikkje kjem att over heile bygda samstundes, svarar Birger.

Men det er viktig med ein presisering: Oppe i dalen mistar dei ikkje sola.

Møyfrid Kristoffersen som bur på Storhaug ovanfor Musland opplysar at

sola kjem klokka 11 den kortaste dagen 22. desember

og då skin ho i rundt rekna to timar før ho gøymer seg bak Nåso.

På Øvre Musland mistar dei heller ikkje sola.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Her mistar dei ikkje sola – biletet er teke frå Storhaug og innover.